

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2008 : 523	Boknr.: 13
Mottatt: 05 NOV 2008	
Saksbehandler: AKE/SKOG/HVA	Arkiv: 483 2
Ansatt:	Ansatt:

Møtedato: 29.10.2008	Sakslistenr.: 46/08	Høyring LMD Rapporteringsplikt ksl/jl
Vår ref: 2008/4476	Arkiv: 422.0	
Saksbehandlar: Aud-Ingrid Krefting	Telefon: 71 25 81 23	E-post: aud.ingrid.krefting@fmmr.no

Behandling i Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal

Høyring – framlegg om innføring av heimel som gir fylkesmannen adgang til å pålegge kommunane rapporteringsplikt i saker etter jordlova og konsesjonslova

Bakgrunn

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har sendt framlegg om innføring av heimel som gir fylkesmannen adgang til å pålegge kommunane rapporteringsplikt i saker etter jordlova og konsesjonslova, sjå vedlegga 1 og 2.

Heimelen er foreslått inntatt i jordlova § 3, og er føresett nytta der fylkesmannen ser trong om å følgje med på kommunane si praktisering av regelverket. Ein slik heimel vil etter LMD si oppfatning gi fylkesmennene betre moglegheit til å overprøve vedtak der kommunane ikkje har ivaretatt dei omsyn som ligg bak føresegnar og nasjonale retningslinjer på området på ein tilstrekkeleg god måte, samt å til å målrette informasjon og opplæring betre.

LMD har grunn til å tru at fleire kommunar nyttar regelverket feil eller ikkje følgjer nasjonale retningslinjer ved behandling av saker etter jordlova og konsesjonslova. Følgja av dette er at omsyna bak regelverket og nasjonale mål blir sett til side, i tillegg til at sentrale rettssikkerheitselement som likskaps- og forutbereknlegheitsprinsippa blir skadelidande.

Jord- og konsesjonslova regulerer viktige nasjonale område. Regelverket skal ivareta ei rekke omsyn, herunder omsynet til jordvern og kulturlandskap, busetnad, ein kostnadseffektiv bruksstruktur og ei forsvarleg prisutvikling på landbrukseigedomar. Føresegnene som blir aktuelle å følgje, er såleis praksisen kva gjeld omdisponering av dyrka og dyrkbar jord etter jordlova § 9, deling av landbrukseigedom etter jordlova § 12 samt konsesjonslova § 9, priskontroll. Omsyna bak priskontrollen er mellom anna å sikre aktive utøvarar til landbruksnæringa, og å legge til rette for at bøndene får inntektsmoglegheiter som gir stabile arbeidsplassar i landbruket.

Fylkesmannen har ansvar for at statleg regelverk og politikk blir følgt opp, men har ikkje noka generell instruksjonsmynde overfor kommunane. Bakgrunnen for at dei fleste oppgåvene etter landbrukslovgivinga blei overført til kommunane i 2004 var eit ønske om å styrke lokaldemokratiet. Kommunane fekk ansvar for fleire område med viktige nasjonale interesser innan landbruket. Samstundes blei det lagt til grunn at forholdet mellom stat og kommune i størst mogleg grad skulle styrast gjennom dialog og informasjon og i liten grad gjennom meir direkte kontroll.

Den viktigaste kjelda til informasjon om praksis er i dag KOSTRA-tala (kommune-stat-rapportering) som er eit nasjonalt informasjonssystem for innrapportering og publisering av styringsinformasjon frå kommunane til staten. Innrapporteringa skjer i kommunane på aggregert nivå. KOSTRA gir derfor ikkje den tilstrekkelege informasjonen på einskildsaksnivå som kan gi grunnlag for å følgje opp praksis i den einskilde kommune.

Forvaltningslova § 35 opnar allereie i dag for at klageinstansen/overordna organ kan gå inn og omgjere underordna organ sitt vedtak av eige tiltak. Fylkesmannen/fylkeslandbruksstyret har omgjeringskompetanse i kraft av å vere klageinstans. Fylkesmannen sin kompetanse som klageinstans er avgrensa til einskilde sakstypar. I praksis inneber dette at omgjeringskompetansen i hovudsak ligg til fylkeslandbruksstyret. Fylkeslandbruksstyret sin omgjeringskompetanse føresett imidlertid at fylkesmannen har følgd med på kommunane sin praksis og førebudd sakene til behandling i fylkeslandbruksstyret. Ein føresetnad for å kunne ha moglegheit til å gjere om etter fvl. § 35, er at overordna organ har fått kunnskap om kommunen sitt vedtak slik at det er mogleg å behandle saka innan lova sine fristar.

LMD meiner at eksisterande lovverk eller rapporteringssystem ikkje gir tilstrekkeleg gode verkty til fortløpande å følgje med på kommunane si behandling av saker etter jordlova og konsesjonslova, og med dette få korrigert ein eventuell praksis i strid med regelverk og nasjonale retningslinjer. Vidare meiner LMD at kompetansen til å pålegge rapportering bør ligge hos fylkesmannen, då det er fylkesmannen som har mest kontakt med kommunane og er nærast til å følgje med på praksis. Vidare seiast fylkesmannen å vere best til å gjere rettslege vurderingar.

Landbruksdirektøren sine merknader

Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune er i forsøk som einskapsfylke, og er i prøveperioden (i utgangspunktet frå 2004-2008, men no forlenga til 2010) kalla Møre og Romsdal fylke. Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt framleis som administrativ førebuar av klagesaker for fylkeslandbruksstyret. I andre saker (eksempelvis der kommunar er inhabile i jordlovs-/konsesjonslovssaker grunna at dei er part) er Møre og Romsdal fylke saksførebuar. Kompetansen her er regulert av forskrifta om einskapsfylket.

Med verknad frå 01.01.04 fekk kommunane avgjerdsmynde i dei fleste sakene etter jord- og konsesjonslov. Etter overføringa har vi i liten grad hatt moglegheit til å følgje med på korleis kommunane i fylket behandlar sakene etter jord- og konsesjonslov. Årsaka her er at vi stort sett berre får kjennskap til sakene gjennom klagebehandling etter lovverka, og slike klagesaker har det blitt få av etter 2004. Einskilde kommunar har ikkje sendt over saker til klagebehandling i fylkeslandbruksstyret i det heile.

Vi trur at søkarane i stor grad får innvilga søknadene sine, noko som igjen gir grunn til å tru at kommunane ikkje alltid følgjer regelverk og nasjonale retningslinjer. Dei klagesakene vi får inn, lir vidare ofte av grunngivingsmanglar. Tidvis er vedtaka utan grunngeving i det heile. Dette gjeld særleg der politisk nivå har gått vekk frå administrasjonen si tilråding, anten dette er til søkar sin gunst eller ugunst. Dette kan gå på tvers av både lovverk, nasjonale retningslinjer, og ikkje minst einskildpersonar sin rettstryggleik.

Vi har imidlertid kontakt med kommunane på breiare basis enn utelukkande i samband med klagebehandling av saker etter jordlov og konsesjonslov. Denne kontakten viser at det tidvis kan opplevast som illojalt for den einskilde landbruksansvarlege/rådmann å skulle be om omgjerung av eit kommunalt vedtak etter fvl. § 35. Ein annan kjelde til informasjon om saker er elles media og kontakt med einskildpersonar. Innføring av ein heimel med rett til å pålegge rapporteringsplikt kan gjere det enklare for oss å følgje med praksis, og også gi betre moglegheit til å gripe inn med korreksjon etter fvl. § 35. Dette vil truleg opplevast som ei innskrenking av det kommunale sjølvstyret. Kompetansen vil imidlertid bli nytta med varsemd, vidare slik at innsyn i den kommunale saksgangen i sin heilskap vil gi oss betre grunnlag for å målrette andre tiltak som kurs og den slags. Forhåpentlegvis kan eit pålegg om innsyn, eller moglegheita for eit slikt pålegg, også i seg sjølv gjere kommunane innstilt på å gjere betre gjennomarbeidde og grunngitte vedtak.

Føresetnaden for å kunne gi pålegg skal vere at vi ser ein trong for dette. Spørsmålet blir då i kva grad ein skal grunngi pålegget. Det kan bli vanskeleg å kome med konkret grunngiving for pålegget, då vi rett slett har dårleg oversikt over praksis rundt om i kommunane, og vil måtte bygge vurderingane på fragmentert grunnlag på bakgrunn av kontakt med landbruksansvarleg i kommunane og einskildpersonar elles. Det kunne rett og slett vore formålstenleg å sett alle kommunale vedtak for ein periode.

Ut frå ei samla vurdering vil landbruksdirektøren rå fylkeslandbruksstyret til å fatte følgjande

vedtak:

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal viser til merknadene frå landbruksdirektøren og støttar framlegget om å innføre heimel i jordlova § 3 første ledd fjerde punktum for fylkesmannen til å pålegge kommunane å sende utskrift av alle vedtak i ein eller fleire saker etter jordlova og konsesjonslova.

Anne Berit Løset
Landbruksdirektør

Harald Nymoen
Fylkesskogsjef

Vedlegg og dokumentligste i saka:

1. Oversendingsbrev frå LMD datert 15.09.08
2. Høyringsnotat datert 15.09.08

Behandling i fylkeslandbruksstyret 29.10.2008:

Representanten Toril Melheim Strand (Ap) sette fram forslag om å stryke passusen "ein eller fleire" i framlegget til vedtak frå landbruksdirektøren.

Leiar Arne Hoem (FrP) sette fram følgjande forslag til høyringsuttale:
Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal ønskjer at dagens ordning vert uendra.

I alternativ avrøysting mellom framlegget frå Toril Melheim Strand og Arne Hoem, fall Hoem sitt framlegg med tre (Hoem, Rutgersen, Austnes) mot fire (Melheim Strand, Sjømæling, Austigard og Storøy Hermansen) røyster.

Eit samla fylkeslandbruksstyre oppmoda elles administrasjonen til på generelt grunnlag å legge vekt på gode opplæringstilbod på området for kommunal administrasjon og politisk nivå.

Fylkeslandbruksstyret sitt vedtak (4-3):

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal viser til merknadene frå landbruksdirektøren og støttar framlegget om å innføre heimel i jordlova § 3 første ledd fjerde punktum for fylkesmannen til å pålegge kommunane å sende utskrift av alle vedtak i saker etter jordlova og konsesjonslova.

Molde, 30/10/2008


Anne Berit Løset
Landbruksdirektør

Underretning om vedtak sendes til:
Landbruks- og matdepartementet, postboks 8007 Dep, 0030 Oslo